

NR. 10

DESEMBER 1981

14. ÅRG.



JULEFESTANE



Betania Y-ungdom

skipar til fest laurdag 2. januar kl. 19.00. Ole Abel Sveen talar og syng. Alle er velkomne!

UNNELAND:

3. juledag kl. 20.00 skipar Unneland Indremisjon til den årlege julefesten på bedehuset. Roald Leikvoll vert med.

Unneland sundagsskule

har julefest på Unneland bedehus sundag 3. januar kl. 17.00. Andakt ved res.kap. Sundsbø.

TUNES:

Sundag 20. desember vert det familiefest i Tunes bedehus kl. 16.00. Roald Leikvoll vert med. Det er Tunes Indremisjon og Sundagsskulen som skipar til festen.

INDRE ARNA:

Måndag 28. desember kl. 17.00 skipar Indre Arna søndagsskule og Barnerøster til familiefest i bedehuset. Andakt ved Egon Askvik. Opptrinn ved borna. Song og juletregong. Konkuransar for store og små. Bevertning.

Laurdag 2. januar kl. 18.00 innbyr Indremisjonen til familiefest i bedehuset. Odd Handal vert med.

til side 7

YTRE ARNA: Julefest for eldre

Den årlege julefesten for eldre i Ytre Arna vert på bedehuset sundag 3. januar kl. 16.00.

Song av barnekoret.

Tale av Konrad Stormark.

Alle eldre er velkomne.

Treng nokon skyss kan ein melda frå til prestekontoret, tlf. 24 13 25.

Sundagsskulefest

i Ytre Arna

Sundagsskulen har julefest i Ytre Arna Bedehus tirsdag 29. desember kl. 17.00.

LONE:


Sundagsskulefesten

vert 3. juledag kl. 15.30 i bedehuset. Finn Wiig Sjursen vert med.

Betania Ungdomsforening

innbyr til julefest på bedehuset mandag 28. desember kl. 19.30. Marit Stokken og Irene Krokeide vert med. Unge og eldre er velkomne!

MØRKETS BARN — OG LYSET



... og Herrens herlighet lyste om dem. De ble meget forferdet. Men engelen sa til dem: Frykt ikke! Jeg kommer til dere med bud om en store glede, en glede for hele folket ...». Luk. 2. 9-10.

Alle som har hørt eller lest juleevangeliet, kjenner disse linjene. Gjeterne måtte være ute om natten for å passe sauene, og det var mørkt. Så skjedde det som står i teksten vår.

Vi har alle opplevd mørket i forskjellige situasjoner — det være seg ute om kveldene, på et mørkt loft, i en kjeller eller når vi har slukket lyset og skal sove. Du har kanskje i ditt liv merket at det både kan være noe nifst og vondt med mørket, men også at mørket kan være godt for noe. Dersom du og jeg har gjort noe vi vil skjule for andre, ja, for Gud, da er det godt å kunne gjemme det bort på et mørkt sted, f.eks. langt der inne i vårt sinn som bare vi selv vet om. Dersom dette skjer ofte nok, så vil vi etter hvert like oss best i mørket — vi begynner å trives der, for vi kan skjule oss der. Vi er blitt mørkets barn.

— Dette er faktisk min og din situasjon i vårt forhold til Gud, vår skaper. I Bibelen står det at vi har alle syndet og har ikke fortjenet Guds nåde.

— Mange mennesker har ikke forstått dette. De mener at bare vi lever som vanlige ordentlige og skikkelige mennesker, så vil nok Gud se i nåde til oss når vi en gang skal dø. De har Jesusbarnet til hygge en gang i året, gjerne med glitter og stas. De har ikke skjønt at Jesus er blitt voksen — har lidd og dødd for din og min skyld. Men har har også stått opp — og lever idag.

— Dette er altså julebudskapet til deg og meg!

— Gud sender sin Sønn for å lyse opp i våre liv — Han vil vise oss vår synd med sitt lys og sier: Frykt ikke! Jeg bringer deg en stor glede: Min sønn, Jesus Kristus, vil være din venn — i ditt liv — hver dag!

— La julen 1981 få bringe deg denne freden som bare kan komme med det lys og den glede som Krsitus kan gi.

*Akk kom, jeg opp vil lukke
Mitt hjerte og mitt sinn!
Og full av lengsel sukke:
Kom, Jesus, dog her inn!*

Trygve Helge Kleppsto



BARNESIDER

BILDEKRYSSORD




Dikt om jul

(av 1b på Garnes skole).


Vi gleder oss til jul
for

- da feirer vi Jesus sin
geburtsdag
- da får vi presanger
- da gir vi presanger
- da har vi juletre med lys og
julepynt.
- da har vi julemat
- da får vi besøk og går i besøk
- da setter vi ut julenek
- da gleder vi herandre
fordi
- «da ble Jesus født».

Hva får du i de loddrette rutene?



Løysing kan sendast til: Kyrkje-
lydsbladet, Boks 11, 5260 Indre Ar-
na, så vil du vera med i trekninga
om premie.




Garnes barneskole skal ha skole-
gudstjeneste 9. desember. Da skal
vi i 1b syng sammen med 1n denne
adventssangen som er laget av
Svein Ellingsen (tekst) og Holger
Lessner (melodi).

Nå tenner vi vår adventskrans
ADVENTSKRANS
Vi gleder oss i lysets glans.
LYSETS GLANS.

Den sier oss at Gud har brakt
GUD HAR BRAKT
det lys som bryter mørkets makt,
MØRKETS MAKТ.

Hvert lys vi ser skal lyse klart
LYSE KLART
og si at Jesus kommer snart
KOMMER SNART

Hvert lys vi tenner bringer bud
BRINGER BUD
Når Jesus kommer ser vi Gud
SER VI GUD.




Hvilken julesang liker du best?

Jeg er så glad hver julekveld
Glade jul, hellige jul
Deilig er den himmel blå
O, jul med din glede
svarte førsteklassingene som ikke
hadde begynt å øve julesanger.

ADVENT:

- da forbereder vi oss
- da tenner vi fiolette adventlyss
- da baker vi pepperkaker
- da lager vi julepynt og
presanger
- da venter vi på jul.

Dei nye sokne-råda



Arna sokn

Leif Grøteide, Dagny Kleppestø, Haldor Romslo, Per Eide, Marit Gilje, Anne Britt Frøyen, Erling Osland, Dagny Midttun, Ruth Hesjedal, Solveig Mæstad.

Varamenn: Lars Peter Taule, Johannes Hesjedal, Liv Minde, Jenny Holmefjord, Odd Kjos.

Ytre Arna sokn

Brynjart Rismyr, Eli Mohn, Nils Kåre Olsen, Bjørg Risøy, Per Sæle, Marie Teigland, Bjarte Leine, Tor Oddvar Holmefjord.

Varamenn: Kåre Revheim, Johan Stein, Jan Erik Løkebø, Borgny Undset Kvamme, Anna J. Valestrand.

Ny salmebok

Nyleg vart det lagt fram eit framlegg til ny salmebok for den norske kyrkja. Den skal med tida koma i stden for Nynorsk Salmebok og Landstad, slik at det vert ei salmebok. Det har vore arbeidt med dette framlegget i lang tid, og det er ei viktig hending for kyrkja at det no er ferdig. Det er kome inn mange nye salmar og songar samstundes som dei fleste «gamle» brukte framleis er med. Ca. 40%

Kjempegøy helg Konfirmantweekend 13.-15. november på Kvamshaug

Vi blei innkvartert kl. 18.30 og romplassert i 19-tida. Der pakka vi ut, før vi kom oss til bords. Etter det hadde vi ei hyggeleg kosestund med moro, film og alvor.

Laurdag blei vi vekka brutalt av ein gong-gong i 8-tida, ingen sovna til att. Etterpå vi hadde ete frukost, hadde vi B-time, film og grupper. Så gjekk vil alle ein tur ut. Etterpå hadde vi middag, før vi hadde misjonstime. Vi hadde besøk fra ei fra misjonmarka og ein som har arbeidd på Kvamskogen. Etterpå åt vi kvelds og så hadde vi ei kosestund. Alle kleddde seg ut og vi fekk oss ein god latter.

Sundag hadde vi gudsteneste og Valborg hadde sporleik som alle vann.

Astrid og Kirsten
(konfirmantar)

av salmane er på nynorsk.

For snart 10 år sidan fekk vi tilleggsheftet Salmer 1973, som var ein prøve på salmar som kom med og mange av desse er no kjende og kjære salmar for mange.

Vi får ikkje høve til å bruaka salmane ved vanlege høgmesser enno. Framlegget skal til høyring før den endelege salmeboka vert ferdig.

Men ved andre samlingar vil vi kunna bruaka dei nye salmane.


frå side 2

Misjonsfest

Misjonsforeningane har julefest i Arna bedehus sundag 17. jan. kl. 18.00.

Tale v/sokneprest Fykse.
Korsong.

Innslag av barn og unge.
Helsingar frå misjonærane våre.
Mat, kaffi og brus.
Misjonsoffer.



Piano til Ytre Arna kyrkje

Det har no vorte mykje bruk fo r eit piano i Ytre Arna kyrkje. Som kjent har det i haust vore starta eit barnekoret i kyrkja — dei er no over 30 medlemmer.

Orgelet i kyrkja er plassert slik at det er uråd å leia koret frå orgelkrakken. Både ved øvingar og framføringer er det såleis bruk for piano.

Dessutan hadde vi ein fin songkveld 15.11 med full kyrkje. Ved slike høve må ein og ha piano. Likeeins om ein skal ha besøk av ungdomskor ved ungdomsgudsstenester.

Vi vonar difor folk i Ytre Arna vil støtta opp om dette.

Soknerådet vedtok i november å kjøpa piano utan at ein hadde pengar til det. Ein vil ta opp lån og så betala det etter kvart som pengane kjem inn.

Om ein vil gje ei gave til pianoet, kan ein senda det til: Bankgiro 8401.39.32076, Barnekoret, Ytre Arna kyrkje. Organisten og presten vil og kunna ta imot gaver.

UNGE I ARNA, SJÅ HER!

3. juledag vert gudstenesta i Arna kyrkje kl. 11 spesielt lagt opp med tanke på dei unge i kyrkjelyden og etter gudstenesta vert det skipa til fest med middag for unge i Arna bedehus. Vi inviterer spesielt unge som er heime på ferie i helga til å vere med. Det er res.kap. Sundsbø som har gudstenesta saman med Trygve Helge Kleppestø.



Kjøp lagkort til julekort!

Framsidebiletet er denne gongen henta frå eit «Lagkort». Norges Kristelige Student- og Skoledungdomslag sel julekort med kristne motiv. Korta er trykt i farvar med mange fine motiv å velja mellom. Dei er ikkje dyrare enn korta ein elles kjøper.

Skulelaget «Onesimus» sel julekort på Arna stasjon lørdag 5.12 frå kl. 9.30-13.00.

Dei som ikkje får tak i der, kan venda seg til Inger Håøy, tlf. 24 03 26 eller Arna kyrkjecontor, tlf. 24 04 00.

Familieside

DØYPTE

Arna sokn:

25/10: Christian Gjersvik. Døypt i Fridalen Kirke.

1/11: Randi Larsen, Jon Olav Ur-dal.

8/11: Tore Borge, Øyvind Bøe.

15/11: Eirik Kleppe, Margrethe Hope Langhelle, Trude Gravdal.

Ytre Arna sokn:

8/11: Johnny Larsen, Sveinung Stein, Lene Bergfjord.

15/11: Hanne Rismyhr, Stian Bor-

ge Olsen, døypt i Arna.

VIGDE

Arna sokn:

24/10: Paal Frantzen og Elisabeth Skjelbreid.

14/11: Svein Skulstad og Nina Damsund.

Ytre Arna sokn:

24/10: John Djønne og Solgunn Birkeland.

DØDE

Arna sokn:

25/10: Nils N. Eide f. 1892.

28/10: Mary Leonore Bergflødt f. 1918.

2/11: Nils Åsheim f. 1885.

Ofringane i kyrkjelydane

21/10: Bhutan v/Tunes skule	1464,-	8/11 Kyrkjelydsarb.	1131,-
21/10 Misjonshøgskulen	1815,-	15/11 Kyrkjelydsarb.	1034,-
Arna:			
25/10 Noregs Kristelige Student- og Skoleungd.lag	1357,-	1/11 Menighetsfakultetet	641,-
1/11 Kyrkjelydsarb.	675,-	15/11 Norges Kristelige Ungdomsforb.	696,-
		15/11 Piano til kyrkja	1400,-

SOKNEMØTE I YTRE ARNA

Sundag 13.12. etter gudstenesta vert det soknemøte om ordninga for gudstenestene i konfirmasjons-tida.

BISPEVISITAS I ARNA

Det vert bispevisitas i Arna Prestegjeld 21.-24. januar 1982.

*Vi ynskjer Guds signing over julehelga og det nye året for alle i Arna og Ytre Arna kyrkjelydar.
«Kom, tilbe han Guds under, vår Herre Krist!»*

Øyvind og Gerd Øy Harald og Kristin Sundsbø

Presten har ordet



Øyvind Øy.

Kyrkje og skule i samarbeid i Arna

Det er naturleg at kyrkje og skule samarbeider og vi har lang tradisjon for eit slikt samarbeid. Skulen skal hjelpe til med å gje borna ei «kristen og moralsk oppseding». I praksis utfører skulen ein vesentleg del av den opplæring i kristen tru som dåpen forpliktar oss til. Slik tilhøva i vår kyrkje er i dag, er vi heilt avhengige av skulen i kyrkja si dåpsopplæring.

For eit par år sidan utarbeidde eit utvalg nedsatt av Bergen skule-styre ei innstilling om kristendomsfaget i skulen. Innstillinga kjem naturleg nok også inn på samarbeid mellom skule og kyrkje og har fleire konkrete framlegg i den samanheng, m.a. vart det gjort framlegg om at skulane valde medlemer i eit skole/kyrkje-utval som skulle samarbeide med prest og kateket.

I Arna har vi alt ei tid hatt eit slikt utval der alle skulane er representerte og utvalget har samarbeidd med kyrkja om gudstenester og kyrkjebesøk.

Første del av ein lysbildeserie om kyrkjene i Arna er laga av elevar ved Garnes Ungdomsskule til bruk i undervisninga og arbeidet med den vil halde fram.

Samarbeidet har ført til eit utvida arbeid med skulegudsten-

estene. Dei er lagt til ulike tider i kyrkjeartet og skulane har skifta på å ha advent- faste- og hausttakkegudstenester. Borna har arbeidd på førehand med tilrettelegging av gudstenestene og vore aktivt med i gjennomføringa.

Vi er svært glade for dette positive samarbeidet og vi vonar at det kan utvikle seg vidare slik at vi saman kan gje borna «ei kristen og moralsk oppseding».

Bønemøte i Arna kyrkje

Tirsdagssamlingene i kirken blir flyttet til søndag formiddag kl. 10.00. Da samles vi i Borgstova.

R.B.

Tre gudstjenester i Indre Arna julaftan

Vi gjer merksam på at det vert tre gudstenester i Arna kyrkje jul-aftan, kl. 14.30, 15.30 og 16.30 og det vert barnekor med ved alle gudstenestene. Vi reknar med at det dette året skal vere plass til alle som vil til kyrkje julekvelden.

Julekveldsgudsten- este også på Trengereid

Dette året vert det gudsteneste også i Trengereid kapell på jul-aftan. Det er Nils Arne Lavik fra Søndagsskuleforbundet som har gudstenesta som vert kl. 14.30.

Vi ønsker alle våre
kunder
en god jul
STENELL A/S
Tlf. 24 11 90 - 5260 Indre Arna

**ME YNSKJER ALLE
VÅRE KUNDAR EI
GOD JUL.**
J. Berstad A/S
Filial Indre Arna

**GOD JUL
TIL ALLE VÅRE
KUNDER**
Maling - Tepper - Tapeter
ARNA FARGEHANDEL A/S
5260 Indre Arna
Telef. 24 06 80

**GOD JUL
TIL ALLE VÅRE
KUNDAR**
Arna Bensin & Service
Indre Arna

*God jul
til alle våre kundar*
Arna
Kjøtt- og Dagligvarer

GOD JUL TIL ALLE!!
Arna dame- og
herrefrisør
vis a vis Arna kyrke
5260 Indre Arna



Aut. bilverksted
Aut. dekk-
forhandler

**GODE TILBUD
PÅ DEKK OG
REKVISITA!**
**GOD SERVICE —
RIMELIGE PRISER —
HYGGELIG MILJØ!**

*Velkommen til vår
bensinstasjon!*

Arnatveit Auto Senter

J.B. Myklestad
5260 Indre Arna
Tlf. 24 07 40



JULEKONSERTANE

Søndag 6/12 kl. 18.00 (merk tida).

Julekonsert Arna kyrkje

Arna Orkesterforening
Tunes og Trengereid Skulemusikk
Gulfjellet Trekkspelklubb

Arna Kyrkjekor
Arna Guttekantori
Arnakyrkjas Kammerensemble
dirigent: Paul Leithaug
Karstein Askeland, orgel
Andakt ved kateket Harald Haugsvær.
Kollekt.

Søndag 13/12 kl. 17.00 (merk tida).

Julekonsert Arna kyrkje

MUSIKKLAGET JANUS,
Skulekorps fra Indre Arna og Lone,
Unnelandskoret og Haukeland Songlag
Felleskor. Dirigent: Ellen Øgaard.
Andakt ved misjonær Ottar Hope.
Kollekt.

Torsdag 17/12 kl. 18.00 i Arna kyrkje

Julespel

framført av gruppe fra Rostadheimen. Ådnemarka stryke-
orkester medverkar, og alle er hjarteleg velkomne!

Sundag 13/12 kl. 19.00

Julekonsert Ytre Arna kyrkje

Arne Musikforening
Breistein Mannskor
Nils Gunnar Kvamstø og Ottar Cleveland, trompet.
Felleskor fra Ytre Arna.
Barne- og ungdomskoret i Ytre Arna kyrkje.
Andakt ved res.kap. Harald Sundsbø.
Kollekt.

Sjømannsmisjonens forening i Indre Arna 50 år

Fredag 6. november hadde Indre Arna Sjømannsmisjonsforening stor jubileumsfest på bedehuset. Som heidersgjest hadde dei fått fru Hollekim som stifta foreninga i prestegarden i Arna 6.11.1931. Ho kom heilt fra Hamar, der ho no er busett.

Foreninga starta med 15 unge jenter, og 6 av desse var og med på festen. 5 av dei var framleis aktive i foreninga — det vitnar stor innsats og interesse i dette arbeidet. Og det er ikkje lite dei har utretta i denne åra.

Dei har halde basarar. Første året vart det sendt kr. 230 til Sjømannsmisjonen. I 1932 var ikkje det lite. Seinare har summane auka — i 1980 vart det kr. 22.000. I alt har dei sendt kr. 210.020,-.

Det var ei livskraftig forening som stelte til den store festen. Dei har i dag 20 medlemar. Ein annan

innsats det står stor respekt av er at ei av desse kvinnene har vore med i 50 år, og har no vore og er framleis formann i 40 år: Borghild Brattland.

På festen var det helsingar frå mange. Hemeseikretær Halfdan Bondevik heldt ein fin festtale der han mellom anna kom inn på dei utfordringar Sjømannsmisjonen i dag står framfor. —

Konfirmantane laga julepakkar

Sjømannsmisjonen sender kvart år julehelsingar til sjøfolk. Det er ein liten pakke med julebrev i. I år var konfirmantane i Ytre Arna med på å laga slike pakkar. Dei var ivrige med å skriva breva og ein del er kanskje spent på å få ei helsing attende frå ein ukjent sjømann/kvinne.



Dei som var med ved starten: Frå v. Borghild Brattland, Aud Mæland, fru Hollekim, Åsta Presttun, Inga Sveinunggard, Inger Seim og Johanna Hernæs.

Foto: Dag Anton Boge

Takvam kapell

Teikninga av
Takvam kapell
er laga av
Åsta Sulebakk,
Takvam.



Helgemessesøndag var det også i år gudsteneste i Takvam kapell og fest i Tunes bedehus etterpå. Kapellet var fylt til trengsel, men høgtidsamt var det. Soknepresten tala ut frå Johs. Åpb. 7 om den store kvite flokk for truna. Alvoret vart understreka ved at ei gruppe frå Arna kyrkjekor m.a. song: «Ingen vinner frem til den evige ro som seg ei veldig fremtrenger».

Etter gudstenesta fekk Kari Takvam blomar frå Arna sokneråd til takk for trufast tilsyn og arbeid for og i kapellet i over 20 år. Aslaug Takvam vart samstundes ynskt velkommen som ny kyrkjetunar (pedell) i Takvam kapell.

Æresgjester både i kapellet og i bedehuset var tidlegare prestefruer i Haus, Liv Flesjå og Selma Lunde. Liv Flesjå hadde same vakre songrøysta som ho for over 20 år sidan hadde songe seg inn i hjarto til folket med. Men då dei to prestekonene song duett: «Når Guds helgenskare engang står for tronen», var det mest som tilhøyrarane held pusten. — Kontorsjef J. Nesje heldt ein aktuell fest-tale ut frå Filp. 4. 4-6 om gleda i Herren.

Arna kyrkjekor gledde festlyden med vakker song slik dei har gjort i fleire år på desse festane. Då organist Paul Leithaug spela:

«Jerusalem» var det mest som ein forsmak på den store helgemesse hos Gud.

Festlyden sette pris på dei fine smørbrøda som damene frå Skyggjestrond hadde stelt i stand, sameleis kaffien og kakene.

Haldor Romslo gjorde greie for det som hadde gått føre seg i «Nemnda for Takvam kapell» og i kapellet sidan siste helgemesesøndag. Det som opptek sinn og tankar no, er å få gjort kapellet større. Dei som har vore til stades på samvær der inne anten det er gudsteneste eller gravferd, veit at det er for liten plass. Teikningane til utviding er no klare, og Nils Minde har dei til kalkulering. Så må det go gjennom dei ymse kommunale instansar før alt er klart til å gå igang ned byggearbeidet. Korleis ein skal finansiera det er og eit avgjerande spørsmål. Her må vi nok løfta i flokk. Ymse organ vil nok koma oss til hjelp, og sjølvsagt vonar vi at kommunen og vil hjelpe — men — «Dersom Herren ikkje byggjer huset, arbeider bygningsmennene til fayne...» Slm. 127.1.

På festen vart det gjeve i offer ca. 2.200 kr. til utvidinga.

K.U.



Frå Sokneråda Arna

MØTEVEKE:

Det vert møteveke i kyrkja i veke 9 i 1982. Soknerådet oppnemnde ein komité til å førebu det.

BORGSTOVA

Når det er så mange tilsette i kyrkjelyden, har plassen på kyrkjekontoret vorte i minste laget.

Loftet på Borgstova er no berre nytta til lager, og soknerådet vil be nokre personar om å vera med å pussa opp der slik at det kan nytast betre.

Ytre Arna

PIANO

Soknerådet gjorde i nov. vedtak om å kjøpa piano til kyrkja. Når dette vert skrive er pianoet alt på plass. Ein satsa på å kjøpa eit godt piano og vil prøva å få inn pengar

REDAKSJONSNE MNDA YNSKJER ALLE LESARANE EI GOD JULEHELG OG EIT GODT NYTT ÅR

ARNA PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova: Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.
Kontortid: Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.
Torsdag kl. 17.30-19.00.

Prestekontoret Ytre Arna, Gamlevegen 8: Tlf. 24 13 25.
Kontortid: Tysdag kl. 17.00-18.00 og fredag kl. 09.00-10.00, eller etter avtale.

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna
Redaksjonsnemnd: Målfrid Sandvik, Helge Eide, Margit Boge, Sylvi Sæle,
Ragnhild Rismyr, Bjørg Hellesøy, Harald Sundsbø.
Bladpengar: kr. 25,-
Postgiro nr. 3104445 eller bankgiro 8440.21.01856.
Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.

14 Frist for innlevering av stoff til nr. 1., 1. januar.

til det ved innsamling og ved å søkja om støtte frå ulike hald.

GÅVE TIL BRUDEPAR

Soknerådet vil og gje ei gåve til brudepara som vert vigde i Ytre Arna. Det vert den fine praktagåva av Det Nye Testamentet med fargebilete.

KONFIRMASJONSGUDSTENESTE

Det er no kome framlegg til nyordning for gudstenestene i konfirmasjonstida. I store trekk er det slik vi no har hatt det dei siste åra der «overhøyringa» av konfirmantane er byta ut med ei gudsteneste der konfirmantane tek del med ulike oppgåver. For å innföra dette, må eit soknemøte gjera vedtak om det. Soknemøtet vert 13.12. etter gudstenesta.

MØTEVEKE

Soknerådet ynskjer også dette året å ha ei møteveke i kyrkja. Det vert 9.-14. februar. Talarar: Johannes Blom og Magnus Solbakk.

Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4, tlf. 23 20 50

Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Fossgt. 11, tlf. 23 20 50

Alltid til tjeneste

VESTLANDSBANKEN

Banken i Arna — for Arna-folk, der alle kundar, store som små, er hjarteleg velkomne.

VESTLANDSBANKEN,
avd. Arna

ESPELAND GARTNERI

Telefon 24 08 09

Blomsterforretning
Hagesenter
Kransebinderi

ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Telefon 24 08 08

Begravelser og bisettelser ordnes. Transport med egen bil. Annonser, sanger, sløyfer. Monumenter besørges oppsatt.

ARNA SPAREBANK

Indre Arna - Espeland - Ytre Arna

Banken i Arna fra 1866
Banken der du bur

— til bygdefolket sitt
beste gjennom 115 år.

ALLE VET

at vi selger nyere utvalgte vogner. Prøv hos oss De også. Vi gir god service.

Kversøy Bilforretning ESPELAND

Telefon 24 00 17 — 24 08 45

Skal det vera TV — Elektrisk —
Belysning. Hugs at vi har laveste pris, og det De kjøper her kan De få reparert her.

ARNA ELKJØP A/S

Ytre Arna — telefon 24 11 88
Arnatevit — telefon 24 19 70

Vi er tilsluttet landets største kje-
de av elektriske forretninger
EL-KJØP

I MIN FORRETNING
finn De gåver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.

5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

Velkommen til kyrkje



13. desember:

Arna kl. 11: Res.kap. Sundsbø. Offer til Diakoniuutvalget.
Sundagsskule i Borgstova under gudstenesta.

Arna kl. 16: Julekonsert.

Arna kl. 19: Julekonsert.

Ytre Arna kl. 11: Sokneprest Øy. Soknemøte. Barnevakt.

Ytre Arna kl. 19: Julekonsert.

20. desember:

Arna kl. 11: Sokneprest Øy. Nattverd.

Arna Helseheim kl. 11: Res.kap. Sundsbø.

24. desember:

Arna kl. 14.30: Res.kap. Sundsbø. Familiegudsteneste. Offer Kirkens
Nødhjelp.

Arna kl. 15.30: Res.kap. Sundsbø. Familiegudsteneste. Offer Kirkens
Nødhjelp.

Arna kl. 16.30: Res.kap. Sundsbø. Familiegudsteneste. Offer Kirkens
Nødhjelp.

Trengereid kl. 14.30: Pastor Nils Arne Lavik. Familiegudsteneste.

Ytre Arna kl. 15: Sokneprest Øy. Familiegudsteneste. Offer Kirkens
Nødhjelp.

Ytre Arna kl. 16: Sokneprest Øy. Familiegudsteneste. Offer Kirkens
Nødhjelp.

25. desember:

Arna kl. 11: Høgtidsgudstjeneste ved sokneprest Øy. Offer til det norske
misjonsselskap.

Ytre Arna kl. 11: Høgtidsgudsteneste ved res.kap. Sundsbø. Offer til det
norske misjonsselskap.

26. desember:

Arna kl. 11: Sokneprest Sellevold. Nattverd.

Trengereid kl. 11: Sokneprest Øy.

27. desember:

Arna kl. 11: Res.kap. Sundsbø og Trygve Helge Kleppestø. Ungdomens
julegudsteneste. Samvær for unge etter gudstenesta.

Takvam kl. 16.30: Res.kap. Sundsbø.

31. desember:

Arna kl. 23.15: Midnattsgudsteneste.

Ytre Arna kl. 23.15: Midnattsgudsteneste.

1. januar 1982

Arna kl. 11: Sokneprest Øy. Nattverd.

3. januar:

Arna kl. 11: res.kap. Sundsbø.

Ytre Arna kl. 11: Sokneprest Øy. Nattverd.

10. januar:

Arna kl. 11: Sokneprest Øy. Nattverd.

Ytre Arna kl. 11: Res.kap. Sundsbø. Familiegudsteneste.

17. januar:

Arna kl. 11: Res.kap. Sundsbø.

Ytre Arna kl. 11: Sokneprest Øy. Nattverd.